



Selje kommune

# **Årsbudsjett 2018 og Økonomiplan 2018 - 2021**

**Arkivsak 17/456  
Versjon: KS 090/17, 14.12.2017**

**Selje kommune**  
**Årsbudsjett 2018 – Økonomiplan 2018-2021**

<b>1. INNLEIING</b>	<b>3</b>
<b>2. SAMANDRAG</b>	<b>5</b>
<b>3. SAMANHENG MELLOM ØKONOMIPLAN OG KOMMUNEN SITT PLANSYSTEM</b>	<b>5</b>
<b>4. KOMMUNEN SINE RAMMEVILKÅR</b>	<b>6</b>
4.1 FOLKETALSUTVIKLING	6
4.1.1 UTVIKLING I FOLKETALET I SELJE SISTE 10 ÅR	6
4.1.2 PROGNOSE FOLKETAL FOR ØKONOMIPLANPERIODEN	7
4.2 FRIE INNTEKTER FRÅ STATEN	7
4.2.1 STATSBUJSJETTET 2018	8
4.2.3 RENTEKOMPENSASJON FOR INVESTERINGAR	10
4.3 ANDRE FINANSIELLE POSTAR	11
4.4 GJELD OG FINANSUTGIFTER	12
4.5 PREMIEAVVIK PENSJON	13
4.6 ANDRE BUDSJETTFORESETNADER	14
<b>5. KOSTRA</b>	<b>14</b>
<b>6. KONSEKVENJUSTERT OVERSYN</b>	<b>15</b>
6.1 TABELL 1 KONSEKVENJUSTERT BUDSJETT 2018 – ØKONOMIPLAN 2018-2021	15
<b>7. NÆRARE OVERSIKT FRÅ RAMMEOMRÅDA</b>	<b>16</b>
7.1 POLITIKK OG SENTRALADMINISTRASJONEN	16
7.2 OPPVEKST	16
7.3 HELSE OG OMSORG	16
7.4 DRIFT OG UTVIKLING	16
<b>8. BALANSERT BUDSJETT INKL TILTAK OG ENDRINGAR</b>	<b>17</b>
8.1 TILTAK OG ENDRINGAR	17
8.2 RÅDMANNEN SI TILRÅDING TIL DRIFTSBUDSJETT – TABELL 1 BALANSERT	18
8.3 KOMMENTARAR PR RAMMEOMRÅDE	19
8.3.1 POLITIKK OG SENTRALADMINISTRASJON	19
8.3.2 OPPVEKST	19
8.3.3 HELSE OG OMSORG	20
8.3.4 DRIFT OG UTVIKLING	21
8.4 TILTAK SOM IKKJE INNGÅR I RÅDMANN SITT BUDSJETTFRAMLEGG	21
<b>9. INVESTERINGAR</b>	<b>22</b>
9.1 RÅDMANNEN SI TILRÅDING TIL INVESTERINGAR 2018	22
<b>10. FINANSIELLE NØKKELTAL 2018-2021 OG DIV BUDSJETTFORESETNADER</b>	<b>27</b>
<b>11. BUDSJETTOPPSTILLINGAR / TABELLAR</b>	<b>29</b>
11.1 TABELL 1 – DRIFTSBUDSJETT 2018 – ØKONOMIPLAN 2018-2021	29
11.2 INVESTERINGAR 2018-2021	30
11.3 HOVUDOVERSIKTER OG BUDSJETTSKJEMA DRIFT OG INVESTERING	31
<b>12. KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK KS 070/17, 14.12.2017</b>	<b>35</b>

## 1. Innleiing

Lovgrunnlaget for kommunens budsjett og økonomiplanarbeid finn vi i kommunelova § 44, 45 og 46.

### § 44. Økonomiplan.

1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.
2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.
3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.
4. I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.
5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.
6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.
7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.
8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.

### § 45. Årsbudsjettet.

1. Kommunestyret og fylkestinget skal innen årets utgang vedta budsjett for det kommende kalenderår.
2. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv årsbudsjettet og endringer i dette. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.
3. Innstillingen til årsbudsjett, med alle de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i årsbudsjettet.
4. Kommunestyrets og fylkestingets vedtak om årsbudsjett, samt formannskapets og fylkesutvalgets saksdokumenter, sendes departementet til orientering.

### § 46. Årsbudsjettets innhold.

1. Årsbudsjettet er en bindende plan for kommunens eller fylkeskommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret. I bevilgninger til formål kan det likevel gjøres fradrag for tilhørende inntekter. Kravet om budsjettgjæmsel på utbetalingstidspunktet gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta.
2. Årsbudsjettet skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.
3. Årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen eller fylkeskommunen kan forvente i budsjettåret.

**Selje kommune**  
**Årsbudsjett 2018 – Økonomiplan 2018-2021**

4. Årsbudsjettet skal være stilt opp på en oversiktlig måte. Kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig fram.
5. Årsbudsjettet skal være inndelt i en driftsdel og en investeringsdel.
6. Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.
7. I årsbudsjettet kan det avsettes midler til bruk i senere budsjettår.
8. Departementet kan gi nærmere regler om årsbudsjettet og innstilling til årsbudsjettet. I disse reglene kan det stilles krav om oversikter over inntekter og utgifter for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet.

Kommunens budsjettarbeid bygger på det som står i kommunen sitt økonomireglement kap 2, sist vedteke av kommunestyret den 15.12.2014. Økonomireglementet er heimla i gjeldane lovverk.

For å få oversikt over den økonomiske handlefridomen i økonomiplanperioden, utarbeidar rådmannen ei konsekvensjustert budsjettoversikt. Med utgangspunkt i inneverande års budsjett, syner vi konsekvensane av å oppretthalde dei driftsaktivitetar vi har i dag, gjennom heile perioden. Med utgangspunkt i dette lagar rådmannen eit budsjettforslag som vert lagt fram til politisk handsaming i formannskapet og kommunestyret.

Tidsplanen for arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan er i hovudsak som følgjer:

Budsjetttrundskriv til avdelingane	Månadsskifte juni/juli
Administrativ handsaming i avdelingane	August – september
Konsekvensjustert budsjett presentert til formannskapet	25. oktober
Saldert budsjett frå rådmann til formannskapet	23. november
Kommunestyrevedtak	17. desember

## 2. Samandrag

I dette heftet har ein m.a. lagt vekt på å kommentere dei finansielle postane i budsjettet og dei største verknader av statsbudsjettet. Kapittel 6 og 7 syner det konsekvensjusterte budsjettet for 2018. Dette viser kostnadane i 2018 for å vidareføre det tilbodet kommunen gir hausten 2017, og justert for kjente behov som vil kome i 2018.

Konsekvensjustert budsjett er å rekne som faktainformasjon. Innstillinga til formannskapet er difor at saka vert teke til vitande.

Nærare omtale av dei enkelte rammeområda og tenestene knytt til disse finn ein i rammesak for økonomiplanperioden 2018-2021 som blei lagt fram for kommunestyret den 22. juni, sak 047/17. Der ligg det eit eige hefte som omtalar dette, og som også tek føre seg meir om kommunen sine demografiske utfordringar, vurderingar kring framtidig storleik på lånegjelda og andre tema knytt til budsjettarbeidet.

I juni-saka ligg det også inne vedlegg som syner investeringsbehov for Selje kommune. Linken til kommunen sin nettside for dette møtet er:

[https://selje.kommune.no/innsyn\\_pluss/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=5034&](https://selje.kommune.no/innsyn_pluss/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=5034&)

## 3. Samanheng mellom økonomiplan og kommunen sitt plansystem

Mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og for kommunen som organisasjon, vert fastsett i kommuneplanen sin samfunnsdel, jf. plan- og bygningslova § 11-2. Denne planen legg difor føringar for kva tiltak som skal gjennomførast. Handlingsdelen i kommuneplanen må vere kopla til økonomiplanen. Handlingsdelen syner korleis kommunen prioriterer å gjennomføre tiltak innafor dei økonomiske rammene til kommunen. Økonomiplanen syner kor mykje midlar ein har sett av til å følgje opp dei ulike tiltaka i handlingsdelen. Handlingsdelen og økonomiplanen syner korleis kommunen prioriterer tiltak for å følgje opp overordna mål og strategiar, opp i mot økonomiske rammer i kommunen.

### Plansystemet i kommunen

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel viser mål og strategiar i eit 12-års perspektiv. I samfunnsdelen kjem det fram kva som er kommunen sitt mål for framtidig utvikling i den komande 12-årsperioden. På eit overordna nivå blir det gjort klart kva strategiar kommune vil nytte i arbeidet med å påverke utviklinga i ynskt retning. Strategiane har innverknad på korleis ressursbruken vil bli prioritert for å nærme seg målet i 12-årsperioden.

Handlingsdelen skal vise prioriterte mål og tiltak i eit 4-års perspektiv. Handlingsdelen med økonomiplan skal reviderast kvart år. Handlingsdelen skal alltid vere oppdatert, noko som gjer den godt eigna til å fange opp endringar som har skjedd gjennom året.

Kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel skal reviderast etter behov. Behov for revidering vert vurdert i planstrategien. Planstrategien skal handsamast av kommunestyret minst kvart 4. år

## 4. Kommunen sine rammevilkår

### 4.1 Folketalsutvikling

#### 4.1.1 Utvikling i folketallet i Selje siste 10 år

Pr 01.01	2008	2017	Tal endring	%endring 2008-2017
0-5 år	168	168	0	0,00 %
6-15 år	436	304	-132	-30,28 %
16-66 år	1774	1771	-3	-0,17 %
67-79 år	319	366	47	14,73 %
80-89 år	150	141	-9	-6,00 %
90 år og eldre	25	41	16	64,00 %
<b>Sum folketal</b>	<b>2872</b>	<b>2791</b>	<b>-81</b>	<b>-2,82 %</b>

Tabellen viser at folketallet i Selje har hatt ein nedgang på 81 personar tilsvarande 2,82% sidan 2008. Den største nedgangen har vore i aldersgruppa 6-15 år. Dette er i grunnskulegruppa, som ein også får mest rammetilskot til gjennom inntektssystemet. Ein mindre innbyggjar i denne aldersgruppa tilsvarar ein nedgang i rammetilskotet på over kr 100.000,- dersom alt anna er uendra.

Sjølv om folketallet samla har gått ned siste 10 år, så ser vi at folketallet i aldersgruppene 67+ har gått opp med 54 innbyggjarar. Dette fører til ein større etterspurnad etter teneste innafør eldreomsorga.

Samansetjing av folketallet i % pr 01.01	Selje		S og Fj.		Kommunegr. 1		Landet	
	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017
Andel kvinner	50,2	50,3	49,0	48,9	49,1	48,9	49,7	49,6
Andel menn	49,8	49,7	51,0	51,1	50,9	51,1	50,3	50,4
Andel 0 åringer	0,8	1,2	1,0	1,0	1,1	1,0	1,1	1,1
Andel 1-5 år	4,5	4,8	5,7	5,6	5,8	5,7	6,0	5,8
Andel 6-15 år	11,5	10,9	12,8	12,8	12,3	12,2	12,0	12,0
Andel 16-18 år	4,7	4,3	4,2	4,3	3,9	3,9	3,7	3,7
Andel 19-24 år	8,0	8,1	8,1	8,1	7,1	6,9	7,9	7,8
Andel 25-66 år	51,0	51,1	51,6	51,5	53,4	53,4	55,0	54,9
Andel 67-79 år	12,9	13,1	11,1	11,3	11,5	11,9	10,1	10,4
Andel 80 år og over	6,6	6,5	5,5	5,5	5,0	5,0	4,2	4,2
Andel innvandrarak	7,9	8,8	10,8	11,6	10,6	11,2	16,3	16,8
Gj.sn. reisetid til kommunesenteret	12,6	12,4	9,9	9,8	6,9	6,8	7,5	7,5
Andel 20-66 år som pendlar ut av kommunen	23,8	23,2	23,9	23,5	38,2	38,0	28,6	28,6

Pr. 01.01.2017 skil Selje kommune seg noko ut frå samanlikningskommunane som er nytta i tabellen. Det mest spesielle er kanskje at Selje har større del kvinner enn menn busett i kommunen. Normalt er dette omvendt i distriktskommunar. Vidare ser vi at Selje har lågare %-vis del i dei yngre aldersgruppene, og høgare del i dei eldre aldersgruppene.

Eit positivt teikn er at det er ein svak vekst i aldersgruppa 0-5 år frå 2016 til 2017, sjølv om denne aldersgruppa framleis er ein del bak samanlikningskommunane.

#### 4.1.2 Prognose folketal for økonomiplanperioden

Pr 01.01	2017	2018	2019	2020	2021	2022	%endring 2017-2022
0-5 år	168	168	169	166	164	164	-2,38 %
6-15 år	304	297	290	284	279	271	-10,86 %
16-66 år	1771	1767	1765	1727	1697	1654	-6,61 %
67-79 år	366	378	381	402	417	433	18,31 %
80-89 år	141	144	143	148	151	156	10,64 %
90 år og eldre	41	40	38	42	41	41	0,00 %
<b>Sum folketal</b>	<b>2791</b>	<b>2794</b>	<b>2786</b>	<b>2769</b>	<b>2749</b>	<b>2719</b>	<b>-2,58 %</b>
Talvis endring	17	3	-8	-17	-20	-30	
% endring Selje	0,61 %	0,11 %	-0,29 %	-0,61 %	-0,72 %	-1,09 %	
% endring landet	0,85 %	0,87 %	0,89 %	0,88 %	0,88 %	0,87 %	

Tabellen overfor er henta frå SSB sin prognosemodell, og byggjer på middels nasjonal vekst og middels aldring. Folketalet i tabellen pr 01.01.2017 er riktige tal. Åra 2018 til 2022 er vidareført med den endringa som SSB har berekna vil kome. Det er berekna at kommunen framleis vil få ein nedgang av born i grunnskulealder. Dette fordi det er større årskull som går ut av 10. klasse i forhold til kva som kjem inn i 1. klasse, justert for prognose på fråflytting/tilflytting. Denne aldersgruppa vektar tyngst i kriteria for tildeling av rammetilskot. Vidare er det berekna framleis vekst i dei eldste aldersgruppene, slik vi er kjent med frå tidlegare år.

Vi vil peike på at SSB sin prognose byggjer på statistikk frå fortida, og vil dermed ikkje kunne fange opp ei endring som skjer ved at ein greier å gjere kommunen meir attraktiv å busette seg i. Det avgjerande for å skape netto tilflytting er uansett at det er muleg å skaffe seg ein arbeidsplass innafør fornuftig avstand for pendling.

#### 4.2 Frie inntekter frå staten

Frie inntekter frå staten består i hovudsak av rammetilskot, inntektsutjamning, skatteinntekter og andre ikkje øyremerka statlege tilskot, og er hovudfinansieringskjelda for driftsrammene for kommunen.

##### Rammetilskot

Kommunen får ei fast inntekt frå staten i rammetilskotet. Ein del av beløpet kjem som eit likt beløp pr. innbyggjar for alle kommunane, medan ein del kjem gjennom utgiftsutjamninga. Gjennom utgiftsutjamninga skal kommunane i prinsippet fullt ut kompenseras for utgifter ved tenesteytinga. Kostnadsnøkkelen er den mekanismen i inntektssystemet som i praksis syt for dette, og som fordelar rammetilskotet til kommunane etter deira varierende behov. Gjennom kostnadsnøkkelen og eit sett med årleg oppdatert kriteriedata (28 stk) blir det berekna eit utgiftsbehov for den enkelte kommune. Kostnadsnøkkelen er sett saman av objektive kriteria som kommunen i liten grad kan påverke gjennom egne val og prioriteringar. Alderskriteria/-fordelinga er ”grunnmuren” i kostnadsnøkkelen. Sidan alderskriteria ikkje ivaretek etterspørselen etter kommunale teneste fullt ut, er kostnadsnøkkelen supplert med ulike sosiale kriteria som ivaretek at etterspørselen etter kommunale teneste også er påverka av levekår, helsetilstand, busetnadsmønster, m.m.

##### Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er ei omfordeling av skatteinntektene mellom kommunane. Kommunar med

**Selje kommune**  
**Årsbudsjett 2018 – Økonomiplan 2018-2021**

ei skatteinntekt under landsgjennomsnittet får kompensert 60 % av forskjellen mellom eiga skatteinntekt og landsgjennomsnittet. I tillegg vil kommunar som har skatteinntekt under 90 % av landsgjennomsnittet få ein tilleggskompensasjon på 35 % av forskjellen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Gjennom denne utjamninga får Selje auka skatteinntektene (inkl inntektsutjamninga) frå rundt 79 % av landsgjennomsnittet til om lag 94 % av landsgjennomsnittet. Dersom skatteinngang til kommunane samla sett vert mindre enn føresett i statsbudsjettet, vert òg inntektsutjamninga mindre for dei kommunane som skal ha dette.

### **Skatteinntekter**

Kommunen får hovuddelen av sine skatteinntekter frå det som vert betalt inn av forskotspliktige, dvs. vanlege lønsmottakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Om lag 35,0 % av denne skattearten går til kommunane, medan resten fordelar seg på stat, fylkeskommune og folketrygda. Om lag 40 % av dei frie inntektene frå staten skal kome som skatteinntekt. Dersom skatteinntektene vert mindre enn føresett, får kommunane normalt ikkje kompensert for tapet. Likeeins beheld kommunane skatteinntekter utover det som ligg til grunn i statsbudsjettet.

Tabellen nedanfor viser utviklinga i rammetilskot, inntektsutjamning og skatt frå 2012 til 2017. Tal for 2017 er pr revidert budsjett i juni 2017.

(1000 kr)	2012	2013	2014	2015	2016	Budsjett 2017
Rammetilskot	89 271	90 357	93 949	92 617	93 007	96 961
Inntektsutjamning	9 297	9 858	7 949	6 947	11 666	9 830
Skatteinntekt	54 626	55 916	58 242	61 846	63 415	66 239
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>153 194</b>	<b>156 131</b>	<b>160 140</b>	<b>161 410</b>	<b>168 088</b>	<b>173 030</b>
Nominell vekst (kr)	10 945	2 937	4 009	1 270	6 678	4 942
Nominell vekst (%)	7,70 %	1,92 %	2,57 %	0,79 %	4,14 %	2,94 %

Tabellen viser ein nominell vekst i frie inntekter kvart av åra, varierende frå 7,87 % til 0,79 %. Den nominelle veksten skal dekke løns- og prisvekst og nye lovpålagde tiltak i tillegg til folketalending og generell auke i frie inntekter. Selje har ikkje hatt vekst i inntektene til å dekkje denne utgiftsauke, med unntak av veksten frå 2011 til 2012. Årsaka til den svake utviklinga ligg hovudsakleg i utviklinga i folketalet.

## **4.2.1 Statsbudsjettet 2018**

I statsbudsjettet for 2018 ligg det inne ein reell vekst i kommunesektoren sine samla inntekter på 4,6 mrd. Kroner, tilsvarende 0,9%. Veksten i dei frie inntektene er på 3,8 mrd, og vert fordelt med 3,6 mrd. kroner til kommunane og 200 mill. kroner til fylkeskommunane.

Veksten i dei frie inntektene må m.a. sjåast i samanheng med auka utgifter for kommunesektoren knytt til folketalutvikling og pensjon.

I 2018 er det venta at pensjonsutgiftene framleis vil auke utover det som er kompensert gjennom deflatoren (løns- og prisjusteringa). Bakgrunnen for auken i pensjonspremie følgjer av lønsutviklinga, låg rente (avkastning på pensjonsmidlar), krav til oppkapitalisering av pensjonsfonda etter auka levealder og auka utgifter for inndekning av tidlegare års premieavvik. Vidare skal veksten i dei frie inntektene også medverke til:



**Selje kommune**  
**Årsbudsjett 2018 – Økonomiplan 2018-2021**

- Tidleg innsats i barnehage og grunnskule
- Førebyggjande tiltak til born og unge familiar
- Betre tilbod til rusavhengige

**Rammetilskot, inntektsutjamning og skatteinntekter**

Tabellen nedanfor syner totalsum for frie inntekter for 2018 ut frå det som ligg i statsbudsjettet presentert 12. oktober 2017.

	(1000 kr)	2017	2018	2019	2020	2021
1	Rammetilskot	-96 961	-98 639	-99 539	-100 439	-101 339
2	Inntektsutjamning	-9 830	-10 990	-10 990	-10 990	-10 990
3	Skatteinntekt	-66 239	-68 264	-68 264	-68 264	-68 264
4	Sum frie inntekter frå staten	<b>-173 030</b>	<b>-177 893</b>	<b>-178 793</b>	<b>-179 693</b>	<b>-180 593</b>

Selje kommune berekna å få ein nominell vekst i dei frie inntektene i 2018 på kr 4,8 mill samanlikna med justert budsjett for 2017. Rammetilskotet har ein vekst på berre 1,7 mill. Resten av veksten er knytt til skatteinngang (skatt og inntektsutjamning). Dersom vi justerer for løns- og prisstigning på 2,6% (deflator), så har kommunen fått ein reell vekst på kr 0,3 mill. Dermed er det ingen reell vekst for Selje, og i utgangspunktet ingen tilng til å dekke satsingsområda som er nemnt i statsbudsjettet ovanfor.

Dei siste 10 åra har kommunane hatt ein reell vekst i dei frie inntektene på gjennomsnittleg 1,8 % pr. år. Det er venta at denne veksten må halde fram når ein ser på utfordringane kommunane set med. Rådmann har difor lagt inn ein vekst i rammetilskotet på kr 0,9 mill pr år for åra 2019-2021, som tilsvarar om lag 0,5 % i realvekst.

**Distriktstilskot og småkommunetilskot**

Distriktstilskot og småkommunetilskot inngår som ein del av rammetilskotet. Tabellen nedanfor syner kva kommunar i Nordfjord som får distriktstilskot/småkommunetilskot i 2018 og storleiken på tilskotet. Selje og Hornindal er under 3000 innbyggjarar og får dette tilskotet som småkommunetilskot. Fordelinga av tilskotet skjer ut frå ein distriktsindeks utrekna av SSB. Denne blei oppdatert i 2016 for bruk i inntektsåret 2018. Distriktsindeksen er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Indeksen byggjer på indikatorar som sentralitet, reiseavstand, befolkningstettleik, befolkningsstruktur- og utvikling, status for arbeidsmarknaden og inntektsnivå. Eid kommune kjem ut for 2018 ut med ein litt lågare distriktsindeks. Desto høgare denne indeksen er, desto mindre får kommunen i distriktstilskot. Eid kommune får no ein auke i dette tilskotet på kr 1,5 mill i forhold til tidlegare år. Dei andre kommunane i Nordfjord er tilnærma uendra. Tilskotet inngår i rammetilskotet.

Tabelloversikt for distriktstilskot til kommunane i Nordfjord:

Kommune	Innbyggjarar per 1.1.2017	Gj.snittleg skatteprosent 2014-2016	Distriktsindeks per 2016	Distriktstilskot SørNoreg 2018 (1000 kr)
Bremanger	3847	93	18	5 383
Vågsøy	6031	90	33	7 757
Selje	2791	83	27	5 543
Eid	6064	82	43	3 118
Hornindal	1198	70	32	5 543
Gloppen	5783	84	36	5 992
Stryn	7218	86	41	5 427

### Skjønnsmidlar

Kvart fylke får årleg ei ramme for skjønnsmidlar gjennom statsbudsjettet. Fylkesmannen gjer fordelinga av midlane. Tildelte skjønnsmidlar inngår i rammetilskotet. I fylkesmannen sitt brev til kommunane om fordeling av skjønnsmidlar for 2018, finn vi m.a. at disse kriteria er lagt til grunn:

- Kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift
- Sosiale kriterium inkl ressurskrevjande brukarar
- Utgifter til språkdelling
- Kommunar med ein vanskeleg økonomisk situasjon
- Kommunens inntektsgrunnlag
- Kommunens utgiftsbehov
- Midlertidige ordningar
- Samla vurdering

Selje kommune er for 2018 blitt tildelt kr 1.700.000,- i skjønnsmidlar, ut frå ei samla vurdering. Dette er ein nedgang på kr 500.000,- frå 2017. Hovudårsaka til nedgangen er nok fordi Selje no er ute v Robek.

Fylket fekk samla ein nedgang på ramma for skjønnsmidlar i 2018, og det er berre Eid og Hornindal som har fått auke frå 2017. Eid har fått auke frå kr 600.000 til kr 1.200.000, hovudsakleg pga at kommunen har høge utgifter med å vere vertskommune for statlege helseinstitusjonar og at Nordfjordeid har utvikla seg til eit vekstsenter.

Tilskotet inngår i rammetilskotet.

### Regionsentertilskot

Tilskotet skal gå til mellomstore kommunar som har vedteke å slå seg saman, og som etter samanslåinga får meir enn 8000 innbyggjarar. Regjeringa sin pott vert dobla i forhold til 2017, og er fordelt med ein sats pr samanslåing, og ein sats pr innbyggjar. For 2018 får Selje kommune kr 1,2 mill i tilskot gjennom denne ordninga. Eid får kr 2,5 mill. I statsbudsjettet er det anbefalt at kommunane nyttar dette tilskotet til fellestiltak for den nye kommunen. Tilskotet inngår i rammetilskotet.

## 4.2.3 Rentekompensasjon for investeringar

### Rentekompensasjon skuleanlegg

Frå 2002 vart det vedteke at kommunar som fornya gamle skular eller bygde nye skular skulle kunne søke om å få dekt rentekostnaden ved ei slik investering. Selje kommune gjennomførte tiltak både på Stadlandet skule og Selje skule. Kompensasjonen er rekna til kr 280.000,- for 2018.

### Kompensasjonstilskot til omsorgsbustader og sjukeheim

Selje kommune får også kompensasjon for tidlegare utbygde omsorgsbustader og sjukeheimplassar. For 2018 er denne kompensasjonen rekna å bli kr 1.150.000,-.

	(1000 kr)	2017	2018	2019	2020	2021
	Rentekomp. skuleanlegg	250	250	230	210	190
	Rentekomp. omsorgsplassar	1 150	1 150	1 100	1 050	1 000
5	Sum komp. skule og omsorgsplassar	1 400	1 400	1 330	1 260	1 190

### 4.3 Andre finansielle postar

#### Fond

I samband med vedtak av rekneskapen for 2016, blei det sett av kr 12,0 mill av mindreforbruket til kommunen sitt disposisjonsfond. Det fondet var tomt frå tidlegare år. I løpet av 2017 er det gjort vedtak på bruk av fondet på om lag kr 3,0 mill. Før vedtak i budsjettet for 2018 er fondet om lag på kr 8,0 mill. Kommunen har ikkje beløp ståande på ubunde investeringsfond.

#### Utbyte frå eigarskap i Sogn og Fjordane Energiverk AS

Selje kommune har 102599 aksjar i SFE tilsvarende ein eigardel på 1,39 %, med bokført verdi på kr 10,3 mill. For 2018 er det lagt til grunn eit utbyte på kr 1.070.000, tilsvarende som i 2017.

#### Eigedomsskatt frå bustad og fritidseigedom

Selje kommune innførte eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader frå og med 2015. For 2017 blei skattesatsen sett til 4,0 promille. I 2017 får kommunen inn kr 6,4 mill i eigedomsskatt. Kommunen kan auke skattesatsen med maksimalt 2,0 promille pr år, maks opp til 7,0 promille. Skattesatsen kan ikkje setjast lågare enn 2,0 promille. Skattesatsen må vere lik for alle eigedomane i heile kommunen.

Kommunen har for 2018 eit samla skattegrunnlag på nær kr 1,59 milliard. Av bustadeigedomane kjem om lag kr 1,17 milliard frå skatteetaten sitt formuesgrunnlag. Resten av bustadeigedomane og alle fritidsbustadane er taksert av innleigd takstfirma og godkjent av kommunen sin sakkunige nemnd (politisk valgt). Lov om eigedomsskatt § 8 A-2 seier dette om verdifastsetjinga: «Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp som ein må forvente at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal».

Type skatteeiendom	Tal bueining	Sum grunnlag	Sum skatt	Gj.snitt gr.lag
Bustad - formuesgrunnlag	1 021	1 170 331 000	4 681 324	1 146 260
Bustad - taksert	84	81 550 000	326 200	970 833
Fritidsbustad - taksert	147	123 133 000	492 532	837 639
Landbruk - bustad taksert	311	211 667 000	846 668	680 601
Blanda bruk - bustad taksert	6	4 785 000	19 140	797 500
<b>Sum</b>	<b>1 569</b>	<b>1 591 466 000</b>	<b>6 365 864</b>	<b>1 014 319</b>

Gjennomsnittleg skattegrunnlag pr bustad frå skatteetatens formuesgrunnlag er på kr 1,15 mill, medan gjennomsnittleg skattegrunnlag pr bustad på dei taksert bustadane er på kr 0,8 mill. Fritidsbustadane har eit gjennomsnittleg skattegrunnlag på kr 0,8 mill pr fritidsbustad.

Tabellen nedanfor syner kva utslag endring i skattesatsen vil få for enkelte utvalgte skattegrunnlag.

	Skattegrunnlag 1 100 000	Skattegrunnlag 1 500 000	Skattegrunnlag 2 000 000	Skattegrunnlag 2 500 000
Promille	Skatt å betale	Skatt å betale	Skatt å betale	Skatt å betale
3,00	3 300	4 500	6 000	7 500
3,50	3 850	5 250	7 000	8 750
4,00	4 400	6 000	8 000	10 000

Tabellen nedanfor syner kva ein kan forvente av samla inntekt frå eigedomsskatt på bustad og fritidsbustad ved forskjellige skattesatsar.

**Selje kommune**  
**Årsbudsjett 2018 – Økonomiplan 2018-2021**

Promille	År	Inntekt frå formuesgrunlaget	Inntekt frå taksert	Sum inntekt
3,00	2018	3 539 081	1 263 405	<b>4 802 486</b>
3,50	2018	4 128 928	1 473 973	<b>5 602 900</b>
4,00	2018	4 718 775	1 684 540	<b>6 403 315</b>

#### Eigedomsskatt frå verk og bruk eller anna næringseigedom

Selje kommune har ikkje gjort vedtak om innføring av eigedomsskatt på verk og bruk eller anna næringseigedom. Ein ser det som lite realistisk å vurdere dette dei komande åra fram til 2020.

#### Renteinntekter bankinnskot

Kommunen har normalt til ei kvar tid midlar ståande på bankkonto for betaling av løpande utgifter og ubrukte lånemidlar i påvente av framdrift på prosjekta som låna er tekne opp til. Med ein gjennomsnittleg saldo på kr 10 mill og ei rente på 1,0 % vil dette utgjere kr 100.000,-.

(1000 kr)	2017	2018	2019	2020	2021
9 Utbyte SFE + konsesj.kraftinntekt	-1070	-1070	-1070	-1070	-1070
10 Eigedomsskatt bustad og fritidseigedom	-6 370	-6 400	-5 600	-4 800	-4 800
11 Renteinntekt bankinnskot	-200	-100	-100	-100	-100

## 4.4 Gjeld og finansutgifter

Netto lånegjeld er lånegjeld fråtrekt ubrukte lånemidlar og vidareutlån. Brutto lånegjeld er inkl. ubrukte lånemidlar og vidareutlån. Selje kommune hadde pr. 31.12.16 ei lånegjeld på kr 197,6 mill, herav kr 9,7 mill i ubrukte lånemidlar. I 2017 har kommunen teke opp eit lån på kr 4,66 mill for investeringsvedtak gjort for 2017.

Pr. 31.12.16	Selje	Gj.snitt gruppe 1	Gj.snitt S og Fj	Gj.snitt landet ekskl Oslo
Frie inntekter kr pr innbyggjar	60 404	54 958	57 849	52 141
Netto lånegjeld kr pr innbyggjar	66 153	58 667	80 902	57 482
Netto lånegjeld i % av brt driftsinntekt	76,0	70,2	86,0	73,1
Brutto lånegjeld i % av brt. driftsinntekt	81,4	84,5	99,7	93,8
Pensjonsforpliktelse i % av brt driftsinntekt	146,3	123,4	124,6	114,8

Selje kommune har netto lånegjeld om lag som gjennomsnittet på landsbasis. Derimot har kommunen høge pensjonsforpliktingar. Dette kjem av samansetning av tilsette og pensjonistar (tidlegare tilsette) som har rettar i kommunen sin pensjonsordning.

#### Lånegjeld, renter og avdrag

(1000 kr)	2017	2018	2019	2020	2021
26 Rentesats på innlån, %	1,85 %	1,90 %	2,00 %	2,20 %	2,40 %
27 Lånegjeld pr 31.12	196 046	196 011	195 977	195 945	195 913

(1000 kr)	2017	2018	2019	2020	2021
12 Renteutgifter lån	3 800	3 725	3 920	4 312	4 703
13 Avdrag lån	6 200	6 535	6 534	6 533	6 531

Tabellane ovanfor syner kva lånegjeld kommunen vil ha ved utgangen av kvart år i

**Selje kommune**  
**Årsbudsjett 2018 – Økonomiplan 2018-2021**

Økonomiplanen dersom lån blir teke opp kvart år i om lag same storleik som årleg betalte avdrag, og kva dette vil gje av rente og avdrag det enkelte år i planperioden. Summane er fråtrekt lån til vidareutlån (startlån). Avdrag i perioden 2018-2021, er vidareføring av nivået frå dei siste åra i kommunen sin rekneskap.

Etter reglane i kommunelova om minste lovlege avdrag, så skal låna betalast ned minst like fort som forskriftsmessig bestemt avskrivningstid på anleggsmidlane det er teke opp lån til. Selje kommune har ei vekta restlevetid på kring 24 år på anleggsmidlane i balanserekneskapen. Lånegjelda skal då delast på 24 år, med like årlege avdrag. Dersom ein skulle følge denne regelen, så burde Selje betale avdrag på om lag kr 8,1 mill pr år. Med låg rente slik det er i marknaden no, så er det viktig at kommunen nyttar «innsparinga» ved låg rente til å halde på denne nedbetalingstida, og ikkje reduserer betaling av avdrag. Alternativ blir det ei endå større belastning for kommunen om lånerenta får ei stigning i dei komande åra.

## **4.5 Premieavvik pensjon**

Kommunen får årleg faktura frå KLP og Statens pensjonskasse (lærarane) på pensjonspremie ut frå tariffesta avtale. Denne vert ført i kommunen sin driftsrekneskap. Vidare skal det gjerast ei gjennomsnittsberekning på kva den årlege langsiktige pensjonskostnaden for kommunen vil vere, såkalla aktuarberekning. Dette vert gjort av forsikringsselskapa gjennom eit fastsett sentralt reglement og ligg ikkje til grunn for lokal påverknad. Vi får då fram eit årleg premieavvik (avvik mellom betalt premie og berekna pensjonskostnad), som også skal førast i driftsrekneskapen med motpost i balanserekneskapen kvart år, i tillegg til forfalt premie. Disse postane kjem fram i berekningane frå forsikringsselskapa. Premieavviket skal deretter førast tilbake i rekneskapen (ut av balansen) det neste året, eller i løpet av dei neste 15 åra med 1/15 kvart år. Kommunane vel sjølv kva alternativ som skal nyttast. Selje kommune har valgt å nytte 15 år på tilbakeføring av premieavviket. Dette for å få minst muleg variasjonar på det årlege beløpet. Dette var også hensikta då regelverket vart innført.

Sidan det har akkumulert seg opp vesentlege beløp som premieavvik i kommunane sin balanserekneskap dei siste åra, har departementet vedteke at frå og med 2011 skal premieavviket førast tilbake i løpet av 10 år, og frå og med 2015 i løpet av 7 år.

Premieavviket og årleg nettoutgift av tilbakeføring av premieavvik frå balansen (amortisert premieavvik) er samla rekna til å bli som vist i tabellen under. Pensjonsselskapa lagar prognose på premie og kostnad t.o.m. 2018, som gjer at vi har berekningar for premieavvik t.o.m 2019. For åra 2020 og 2021 er talet frå 2019 vidareført. Dette fordi vi ikkje veit korleis premien blir i forhold til kostnaden for disse åra. Det nøyaktige årlege beløpet for premie og premieavvik veit vi uansett ikkje før vi mottok aktuarberekningar i slutten av januar året etter rekneskapsåret.

(1000 kr)	2017	2018	2019	2020	2021
7 Amortisert premieavvik	-293	0	0	0	0

## 4.6 Andre budsjettføresetnader

### Lønsauke

Lønsauken for 2018 vert sett av på ein sentral pott under ansvar 890. Det er sett av midlar til å dekke ein årslønsvekst på 2,5 % i 2018, gjeldande frå 01.05.2018.

### Prisjustering

Andre utgifter enn løn er ikkje prisjusterast frå 2017 til 2018, med unntak av utgifter som vil bli regulert ut frå fastsette avtaler. På grunn av utfordringane med å få til eit balansert budsjett, har rådmann lagt til grunn at prisjustering ikkje skal gjerast for 2018.

### Bygningsforsikring/bilforsikring

Fakturert beløp for 2017 + 5 %.

## 5. KOSTRA

Ordet KOSTRA står for Kommune STat Rapportering, og er ei årleg innrapportering kommunane gjer til staten via SSB. Sjå internettlink: <http://www.ssb.no/kostra>. Målet med KOSTRA er å kople saman tenesteproduksjonsdata (type teneste, tal produserte einingar, personalinnsats - årsverk/timar, brukarar m.v.) med økonomidata (utgift og inntekt pr. teneste). Dette vil gje informasjon om prioritering, produktivitet og dekningsgrad i høve til kommunen sine ulike brukargrupper. Gjennom denne rapporteringa vert det produsert nøkkeltal i tre nivå. Nøkkeltala er relevante for kommunen sin eigen styring. Her kan ein samanlikne kommunen med seg sjølv med utvikling år etter år, eller samanlikne med andre kommunar.

## 6. Konsekvensjustert oversyn

### 6.1 Tabell 1 konsekvensjustert budsjett 2018 – økonomiplan 2018-2021

<b>TABELL 1 SELJE KOMMUNE</b>						
	<b>Versjon 12. oktober 2017</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	Alle beløp i tusen kroner	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
1	Rammetilskot	-96 961	-98 639	-99 539	-100 439	-101 339
2	Inntektsutjamning	-9 830	-10 990	-10 990	-10 990	-10 990
3	Skatteinntekter	-66 239	-68 264	-68 264	-68 264	-68 264
4	Sum generelle frie inntekter	<b>-173 030</b>	<b>-177 893</b>	<b>-178 793</b>	<b>-179 693</b>	<b>-180 593</b>
5	Kompensasjonar investeringar grunnskule	-1 400	-1 400	-1 330	-1 260	-1 190
6	Motpost kalk. Utgifter	-1 500	-1 455	-1 455	-1 455	-1 455
7	Premieavvik, premiefond	-293	0	0	0	0
8	<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-176 223</b>	<b>-180 748</b>	<b>-181 578</b>	<b>-182 408</b>	<b>-183 238</b>
9	Utbyte SFE	-1 070	-1 070	-1 070	-1 070	-1 070
10	Eigedomsskatt bustad og fritidseigedom	-6 370	-6 400	-5 600	-4 800	-4 800
11	Renteinntekter bankinnskot	-200	-100	-100	-100	-100
12	Renteutgifter lån	3 800	3 627	3 920	4 312	4 703
13	Avdrag på lån	6 200	6 535	6 534	6 533	6 531
14	<b>Sum finanspostar</b>	<b>2 360</b>	<b>2 592</b>	<b>3 684</b>	<b>4 875</b>	<b>5 264</b>
	<b>Til fordeling drift</b>	<b>-173 863</b>	<b>-178 156</b>	<b>-177 894</b>	<b>-177 533</b>	<b>-177 974</b>
15	Politikk og Sentraladministrasjonen	19 918	21 026	21 026	21 026	21 026
16	Oppvekst	55 372	61 904	61 904	61 904	61 904
17	Helse og omsorg	71 897	80 428	80 428	80 428	80 428
18	Drift og utvikling	22 246	22 931	22 931	22 931	22 931
19a	Lønsauke 2017: lokale forhandl	4 100	1 500	1 500	1 500	1 500
19b	Lønsauke 2018, 2,5% frå 01.05.2018		2 900	2 900	2 900	2 900
20	Tilskot Selje kyrkjelege fellesråd	2 800	2 875	2 875	2 875	2 875
21	Reservepost formannskapet	50				
22	Bruk av dispfond	-2 520				
24		<b>173 863</b>	<b>193 564</b>	<b>193 564</b>	<b>193 564</b>	<b>193 564</b>
25	<b>Resultat (minus er lik overskot):</b>	<b>0</b>	<b>15 408</b>	<b>15 670</b>	<b>16 031</b>	<b>15 590</b>
26	Rente på innlån, %	1,85 %	1,85 %	2,00 %	2,20 %	2,40 %
27	Lånegjeld pr 31.12	196 046	196 011	195 977	195 945	195 913

Kommunane har dei ti siste åra hatt ein reell vekst i dei frie inntektene på gjennomsnittleg 1,8 % pr. år. Det er venta at denne veksten må halde fram når ein ser på utfordringane kommunane set med. Rådmann har difor lagt inn ein realvekst i rammetilskotet på kr 0,9 mill pr år for åra 2019-2021, som tilsvarar om lag 0,5 % årleg vekst.

## 7. Nærare oversikt frå rammeområda

### 7.1 Politikk og sentraladministrasjonen

	(1000 kr)	2017	2018
	Brutto utgifter	20 698	22 263
	Inntekter	-780	-1 237
14	Politikk og sentraladm - Netto ramme	19 918	21 026
	Herav løn inkl sos. utg	10 432	11 261

Inkl i inntektene for 2018 ligg kr 630.000,- som momsrefusjon

### 7.2 Oppvekst

	(1000 kr)	2017	2018
	Brutto utgifter	73 313	76 273
	Inntekter	-17 415	-14 369
15	Oppvekst - Netto ramme	55 898	61 904
	Herav løn inkl sos utg	65 153	67 975

Inkl. i inntektene for 2018, ligg kr 467.000,- som momsrefusjon

### 7.3 Helse og omsorg

	(1000 kr)	2017	2018
	Brutto utgifter	91 944	101 555
	Inntekter	-21 012	-21 127
17	<b>Helse og sosial - Netto ramme</b>	<b>70 932</b>	<b>80 428</b>
	Herav løn inkl sos utg	75 747	83 117

Inkl. i inntektene for 2018 ligg kr 1.190.000,- som momsrefusjon.

### 7.4 Drift og utvikling

	(1000 kr)	2017	2018
	Brutto utgifter	37 192	38 839
	Inntekter	-15 392	-15 908
18	Drift og utvikling - Netto ramme	21 800	22 931
	Herav løn inkl sos utg	14 165	14 283

Inkl. i inntektene for 2018 ligg kr 2.329.000,- som momsrefusjon

Tilskot til Fellesrådet på kr 2.875.000,- kjem i tillegg til utgiftene i tabellen ovanfor.

Nærare omtale av dei enkelte rammeområda og teneste knytt til disse finn ein i rammesak for økonomiplanperioden 2018-2021 som blei lagt fram for kommunestyret den 22. juni. Der ligg det eit eige hefte som omtalar dette, og som også tek føre seg meir om kommunen sine demografiske utfordringar og andre tema knytt til budsjettarbeidet.



## 8. Balansert budsjett inkl tiltak og endringar

### 8.1 Tiltak og endringar

- Det er lagt inn tiltak/endringar innafør dei enkelte rammeområda, der sum endring er vist pr rammeområde i tabellen nedanfor. Meir omtale om disse tiltak er lagt inn i kap 8.3 i dette heftet.
- Premieavvik er justert opp med resultat at det blir lågare netto pensjonsutgift
- Eigedomsskatt er vidareført med fire promille for heile planperioden
- Inntekt/kompensasjon frå Okla vindkraftverk er teke inn som inntekt frå 2019
- Rente og avdrag er auka som følge av høgare låneopptak enn betalte avdrag, jf kap 9
- Kjøp av kommunehuset er ein føresetnad, og husleige er teke ut med halv effekt i 2018 og full effekten frå 2019
- I ramma for Drift og utvikling er det lagt inn auke i inndekning av rente og avdrag for nye investeringar innafør VAR-sektoren, og det er lagt inn auke i husleigeinntekt for nye investeringar innafør utleigebustader i åra 2019-2021

<b>16.11.2017</b>					
	<b>Resultat frå konsekvensjustert</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
	<b>Resultat (minus er lik overskot):</b>	<b>15 408</b>	<b>15 670</b>	<b>16 031</b>	<b>15 590</b>
	<b>Endringar og korrigeringar:</b>				
	<b>Endring enkeltpostar:</b>				
1	Premieavvik pensjon	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
2	Vidareføre eigedomsskatt på 4 promille		-800	-1 600	-1 600
3	Inntekt frå Okla vindkraftverk		-1 100	-1 100	-1 100
4	Auke rente og avdrag pga høgare låneopptak		2 067	3 498	3 593
5	Redusert husleige ved kjøp kommunehuset	-700	-1 351	-1 351	-1 351
6	Auke kalk inntekter knytt til låneopptak VAR og utleige av nye leilegheiter		-250	-550	-550
7	<b>Tiltak i rammeområda:</b>				
8	Politikk og sentraladministrasjon	-545	-545	-545	-545
9	Oppvekst	-3 714	-3 714	-3 714	-3 714
10	Helse og omsorg	-8 649	-8 123	-8 123	-8 123
11	Drift og utvikling	-800	-1 200	-1 200	-1 200
12	<b>Sum endringar og korrigeringar</b>	<b>-15 408</b>	<b>-16 016</b>	<b>-15 685</b>	<b>-15 590</b>
13	<b>Korrigert resultat (minus er lik overskot):</b>	<b>-</b>	<b>-346</b>	<b>346</b>	<b>-</b>
14	Bruk/avsetning disposisjonsfond	-	346	-346	-

Summen av disse endringane er lagt inn i tabell 1 i kapittel 8.2 og dei enkelte tiltak/endringar i rammene er nærare omtalt i kapittel 8.3 i dette heftet.

## 8.2 Rådmannen si tilråding til driftsbudsjett – tabell 1 balansert

<b>TABELL 1 SELJE KOMMUNE</b>						
<b>Versjon 16.11.2017</b>		<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
Alle beløp i tusen kroner		<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
1	Rammetilskot	-96 961	-98 639	-99 539	-100 439	-101 339
2	Inntekstutjamning	-9 830	-10 990	-10 990	-10 990	-10 990
3	Skatteinntekter	-66 239	-68 264	-68 264	-68 264	-68 264
4	Sum generelle frie inntekter	<b>-173 030</b>	<b>-177 893</b>	<b>-178 793</b>	<b>-179 693</b>	<b>-180 593</b>
5	Kompensasj. inv skule og omsorgsplassa	-1 400	-1 400	-1 330	-1 260	-1 190
6	Motpost kalk. Utgifter	-1 500	-1 455	-1 455	-1 455	-1 455
7	Premieavik, premiefond	-293	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
8	<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-176 223</b>	<b>-181 748</b>	<b>-182 578</b>	<b>-183 408</b>	<b>-184 238</b>
9a	Utbyte SFE	-1 070	-1 070	-1 070	-1 070	-1 070
9b	Okla vindkraftverk	-	-	-1 100	-1 100	-1 100
10	Eigedomsskatt bustad og fritidseigedom	-6 370	-6 400	-6 400	-6 400	-6 400
11	Renteinntekter bankinnskot	-200	-100	-100	-100	-100
12	Renteutgifter lån	3 800	3 627	4 469	5 576	6 009
13	Avdrag på lån	6 200	6 535	8 052	8 767	8 818
14	<b>Sum finanspostar</b>	<b>2 360</b>	<b>2 592</b>	<b>3 851</b>	<b>5 673</b>	<b>6 157</b>
	<b>Til fordeling drift</b>	<b>-173 863</b>	<b>-179 156</b>	<b>-178 727</b>	<b>-177 735</b>	<b>-178 081</b>
15	Politikk og Sentraladministrasjonen	20 173	19 781	19 130	19 130	19 130
16	Oppvekst	56 627	58 190	58 190	58 190	58 190
17	Helse og omsorg	73 494	71 779	72 305	72 305	72 305
18	Drift og utvikling	22 446	22 131	21 481	21 181	21 181
19a	Lønsauke 2017: lokale forhandl	843	1 500	1 500	1 500	1 500
19b	Lønsauke 2018, 2,5% frå 01.05.2018	-	2 900	2 900	2 900	2 900
20	Tilskot Selje kyrkjelege fellesråd	2 800	2 875	2 875	2 875	2 875
21		<b>176 383</b>	<b>179 156</b>	<b>178 381</b>	<b>178 081</b>	<b>178 081</b>
22	<b>Resultat (minus er lik overskot):</b>	<b>2 520</b>	<b>0</b>	<b>-346</b>	<b>346</b>	<b>0</b>
23	Bruk/avsetning disposisjonsfond	-2 520	0	346	-346	0
24	Rente på innlån, %	1,85 %	1,85 %	1,85 %	2,15 %	2,30 %
25	Lånegjeld pr 31.12	196 046	241 567	263 015	264 548	291 029

Kommunane har dei ti siste åra hatt ein reell vekst i dei frie inntektene på gjennomsnittleg 1,8 % pr. år. Det er venta at denne veksten må halde fram når ein ser på utfordringane kommunane set med. Rådmann har difor lagt inn ein realvekst i rammetilskotet på kr 0,9 mill pr år for åra 2019-2021, som tilsvarar om lag 0,5 % årleg vekst.

## 8.3 Kommentarer pr rammeområde

### 8.3.1 Politikk og sentraladministrasjon

Tiltak/endringar: Tal i tusen	2018	2019	2020	2021
Frikjøp i samband med kommunesamanslåing	-300	-300	-300	-300
Generell nedjustering av budsjettpostar	-245	-245	-245	-245
<b>Sum redusert utgift</b>	<b>-545</b>	<b>-545</b>	<b>-545</b>	<b>-545</b>

#### 2018

Avdeling	Tiltak	Reduksjon i kroner	Merknad/konsekvensar
120	Frikjøp 50% stilling frå prosjektmidlar	-300 000	Sentraladministrasjonen har frikjøp på tilsaman 50% i samaband med prosjektmidlar til kommunesamanslåinga, fordelt 20% på delprosjekt og 30% på digitalisering/samordning programvare. Denne vert ikkje erstatta.
Alle	Reduksjon i budsjettpostar utanom løn	-245 000	Generell nedjustering av budsjettpostar vedk forsikring, ikt, inventar, annonser osv

### 8.3.2 Oppvekst

Tiltak/endringar: Tal i tusen	2018	2019	2020	2021
Frikjøp ved kommunereforma	-150	-150		
Statstilskot 1.-4. klasse	-707	-707	-707	-707
Statstilskot språkkommune	-378	-378	-378	-378
Statstilskot norskopplæring	-575	-575	-575	-575
Redusert personale/løn skule	-1 404	-1 404	-1 404	-1 404
Vakante stillingar	-500	-500	-500	-500
<b>Sum redusert utgift</b>	<b>-3 714</b>	<b>-3 714</b>	<b>-3 714</b>	<b>-3 714</b>

#### 2018

Avdeling	Tiltak	Reduksjon i kroner	Merknad/konsekvensar
417	Frikjøp	-150 000	Leiar i Familie og Velfred (FV) skal vere prosjektleiar for «Å bu i Stad» tilsvarande 20 % stilling. Vi reduserer leining av FV med tilsvarande: 20 %. Dette vil medføre meir arbeid og ansvar for driftsrådgjevar Oppvekst og fagleiarane i FV. Ei ekstra belastning lokalt, når vi går inn i ei periode med ekstra arbeid knytt til kommunesamanslåinga.
206	Inntekt stat 1.-4. klasse	-707 000	Tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.-4. trinn. Midlane brukar vi til å dele klassetrinna mest muleg.
206	Inntekt stat språkkommune	-378 000	Selje kommune får fagleg og økonomisk støtte som språkkommune. Utdanningsdirektoratet har tildelt 568 000 kr til Selje kommune, fordelt over tre semester frå hausten 2017 og ut 2018.

**Selje kommune**  
**Årsbudsjett 2018 – Økonomiplan 2018-2021**

208	Inntekt stat norsk-opplæring	-575 000	Erfaringsbaserte tal – oppjustert.
Skulane og barnehagane	Redusert personale	-1 404 000	Elevar som er ferdige i grunnskulen, oppdaga dobbelføringar.
Skulane og barnehagane	Vakante stillingar	-500 000	Erfaringsbaserte tal

### 8.3.3 Helse og omsorg

Tiltak/endingar: Tal i tusen	2018	2019	2020	2021
